



DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 33

(1999-2000)

---

## Om samtykke til ratifikasjon av Matvarehjelpkonvensjonen av 1. juli 1999

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 17. desember 1999,  
godkjend i statsråd same dagen.*

## 1 Bakgrunn og samandrag

Matvarehjelpkonvensjonen og Kornhandelkonvensjonen utgjer til saman Den internasjonale kornavtalen. Noreg har i lang tid vore part i desse konvensjonane, som vert fornya med jamne mellomrom. Spørsmålet om norsk deltaking i dei to konvensjonane av 1995 vart lagt fram for Stortinget i St. prp. nr. 53 (1995-96) og St. prp. nr. 60 (1996-97). Stortinget samtykte einstemmig i ratifikasjon av Den internasjonale kornavtalen av 1995, jf. Innst. S. nr. 208 (1995-96). Begge konvensjonane har seinare vorte forlengde til 30. juni 1999. Noreg slutta seg til ei slik administrativ forlenging.

Kornhandelkonvensjonen av 1995 har med heimel i art. 33 deretter vorte forlengd med to år frå 1. juli 1999, uten at det er gjort endringar i han. Noreg har slutta seg til forlenginga og er part i konvensjonen inntil partstilhøvet eventuelt vert sagt opp.

Matvarehjelpkonvensjonen av 1995 vart den 1. juli 1999 erstatta av Matvarehjelpkonvensjonen av 1999. Den nye konvensjonen gjeld til og med 30. juni 2002 og kan forlengjast. Han kan seiast opp med tre månaders varsel. For at Matvarehjelpkonvensjonen skal gjelde, må Kornhandelkonvensjonen gjelde, medan det motsette ikkje er påkravd.

Desse bistandsgjevarane utgjer medlemmene i Matvarehjelpkonvensjonen av 1999: Argentina, Australia, Canada, Det europeiske fellesskapet og medlemsstatane, Japan, Noreg, Sveits og USA.

Føremålet med Matvarehjelpkonvensjonen er å medverke til den globale matvaretryggleiken og å forbetre verdssamfunnet si evne til å dekkje matvarebehova i utviklingsland. Matvarehjelpkonvensjonen sikrar eit minstenivå av matvarehjelp. Det er gjort fleire endringar i 1999-konvensjonen som mellom anna tek sikte på å auke matvaretryggleiken i dei fattigaste utviklingslanda. Det er til dømes teke inn ein klausul som avgrensar delen av matvarehjelpbidraget som kan vere basert på lån til gunstige vilkår, og det har vorte sterkare innretting mot å gje matvarehjelpa til dei fattigaste landa. Lista over produkt ein kan gje, har vorte utvida og omfattar no fleire basismatvarer enn dei som ein kunne gje før. Det er vidare opna for at bidraga kan reknast ut i både volum og verdi, mot tidlegare berre i volum. Ein kan òg rekne inn transportkostnader og andre kostnader i samband med å få fram matvarehjelpa som ein monaleg del av bidraga.

Hjelpa kan verte gjeve både bilateralt og multilateralt, og som basismatvarer eller kontantar. Kontantbidrag skal, så langt det er råd, brukast til å kjøpe inn matvarer i utviklingsland. Heile Noregs bidrag vert gjeve som kontantbidrag til Verdas matvareprogram for kjøp av varer i utviklingsland. Det er frå norsk side gjort framlegg om å auke den norske forpliktinga frå 20 000 til 30 000 tonn kveiteekvivalentar årleg, som òg var forpliktinga i tidlegare konvensjonar. Reduksjonen til 20 000 tonn i 1995-konvensjonen kom mellom anna p.g.a. misnøye med manglande fattigdomsinnretting i konvensjonen. Sidan den nye konvensjonen har fått ein betre fattigdomsprofil, finn ein det rett å gå attende til den tidlegare forpliktinga. Det er ein føresetnad at kostnadene ved norsk tilslutning til konvensjonen vert dekte innanfor den til kvar tid gjeldande bistandsramma.

Konvensjonen fastset at kontantbidrag skal reknast ut etter prisen på kveite på verdsmarknaden. Denne prisen vert justert årleg. Noreg følger konvensjonen si oppmoding om å betale transportkostnader og andre kostnader i samband med bruken av bidraget. Det er uråd å fastsetje den eksakte storleiken på desse kostnadene sidan dei vil variere frå år til år mellom anna p.g.a. endringar i referanseprisen for kveite og valutatilhøve, men dei vil som regel utgjere eit tillegg til sjølve varebidraget på om lag 70-80 pst. Med ei forplikting på 30 000 tonn kveiteekvivalenter vil det norske bidraget for kveiteåret 1999/2000 verte om lag 60 mill. kroner. Dette utgjer ein auke på om lag 15 mill. kroner frå forpliktinga i 1995-konvensjonen. Bidraget for år 2000 er innarbeidd i framlegget til statsbudsjett som ein del av bidraget til Verdas matvareprogram.

Matvarehjelpkonvensjonen gjer det lettare for utviklingslanda å vite kva slags matvarehjelpleveringar dei har i vente. Konvensjonen medverker til styrkt matvaretryggleik for utsette grupper i fattige land. Ratifikasjon av Matvarehjelpkonvensjonen av 1999 vert difor vurdert å vere i tråd med norsk bistandspolitikk. Det er òg viktig at ein frå norsk side stø opp om ei viktig avtale som òg forpliktar andre gjevarland.

Noreg skreiv under Matvarehjelpkonvensjonen av 1999 den 30. juni 1999 i samsvar med kgl. res. av 25. juni 1999. Samstundes vart det levert ei fråsegn til FN-sekretariatet, som er depositar for konvensjonen, om mellombels bruk av konvensjonen. Sidan norsk ratifikasjon av Matvarehjelpkonvensjonen 1999 vil føre med seg framtidige økonomiske forpliktingar for Noreg, ber ein om Stortinget sitt samtykke til ratifikasjon, jf. Grunnlova § 26 andre ledd.

Konvensjonen i engelsk originaltekst med norsk omsetjing følgjer med.

## 2 Matvarehjelpkonvensjonen av 1995

Føremålet med Matvarehjelpkonvensjonen av 1995 var å medverke til å nå målet frå Verdas matvarekonferanse i 1974 om årleg å stille minst ti millionar tonn matvarehjelp til rådvelde for utviklingsland med matvareunderskot. Dei faktiske forpliktingane for 1995-konvensjonen var minst 5 350 000 tonn kveiteekvivalentar årleg. Kontantbidrag skulle, så langt det var råd, nyttast til å kjøpe korn eller belgfrukter i utviklingsland. Ein kunne gje hjelpa bilateralt eller multilateralt, og ho kunne stø både utviklingsaktivitetar og humanitær bistand.

I konvensjonen av 1995 forplikta Noreg seg til eit årleg bidrag på 20 000 tonn kveiteekvivalentar. Dette vart gjeve som eit kontantbidrag til Verdas matvareprogram og vart løyvd frå den multilaterale delen av bistandsbudsjettet. Det norske bidraget vart nytta til å kjøpe inn korn eller belgfrukter i utviklingsland med matvareoverskot for å stø utviklingsaktivitetar i andre utviklingsland.

Ved sida av forpliktingane i konvensjonen, har ein gjeve matvarehjelp i form av norske varer til Verdas matvareprogram. Dette er i hovudsak fiskeprodukt (herda marint feitt og hermetisk fisk). Desse produkta er ikkje dekt i konvensjonen.

I og med at Matvarehjelpkonvensjonen så og seie har vore uendra sidan 1986, at volumet på matvarehjelp har gått ned på 1990-talet, og at toppmøtet om verdas matvaretryggleik i 1996 reiste ei rekkje problemstillingar kring rolla til matvarehjelp i forhold til matvaretryggleik, ynskte ein å revidere innhaldet i konvensjonen. Vidare vart Matvarehjelpkonvensjonen sett på som eit viktig instrument til å oppfylle lovnader i samband med WTO-forhandlingane i Marrakech og Singapore om å yte meir matvarehjelp til utviklingsland som kunne få problem med matvaretryggleiken som følgje av den nye WTO-avtalen. Dette ville òg krevje endringar i konvensjonen.

### 3 Forhandlingane

Ei arbeidsgruppe under Utvalet for matvarehjelp, det styrande organet for konvensjonen, starta hausten 1997 forhandlingane om ein revisjon av konvensjonen. Samstundes vart det semje om å forlengje den gjeldande Matvarehjelpkonvensjonen av 1995 med eitt år frå 1. juli 1998. Noreg har teke del i desse forhandlingane. Etter langvarige forhandlingar vart ein på eit møte i Utvalet for matvarehjelp i mars 1999 samde om ein ny konvensjonstekst. I tillegg til konvensjonsteksten følgjer eit sett med utfyllande prosedyrereglar, som tek for seg meir i detalj korleis somme artiklar skal forståast. Desse vert ikkje lagt fram for Stortinget.

Det er teke omsyn til dei politiske lovnadene gjeve i samband med WTO-forhandlingane. Til dømes er utviklingslanda på WTO si liste over netto-matvareimportører mellom dei landa som kan få matvarehjelp etter konvensjonen. Ein har og teke omsyn til ynsket i WTO-forhandlingane om eit breiare varespekter i og med at lista over produkt har vorte utvida. Den nye konvensjonen er i større grad orientert mot matvaretryggleik enn mot rein matvarehjelp. Mellom anna har føremålet (*artikkel I*) vorte endra frå å medverke til å fylle eit kvantumsmål av matvarehjelp, til å styrkje matvaretryggleiken i verda og å gjere verdssamfunnet betre i stand til å svare på matvarebehov i utviklingsland.

Det var fleire vanskelege spørsmål i forhandlingane. Eit av desse var korleis forpliktingane skulle reknast ut og kva dei skulle innehalde (*artikkel III*). Her meinte nokre, mellom dei Noreg, at bidraga framleis skulle reknast ut i *volum*, og at dei berre skulle innehalde matvarer. Dette ville sikre utviklingslanda eit minstenivå av matvarehjelp utan omsyn til svingingar i prisane. Særleg Det europeiske fellesskapet og medlemsstatane ynskte å rekne ut bidraga i *verdi* og å inkludere transportkostnader og andre kostnader med å få fram matvarene. Dei meinte at ein med å gjere dette oppmoda til å gje meir matvarehjelp, ikkje minst i tilfelle der kostnadene er venta å vere høge. Det kom til eit kompromiss i og med at dei landa som reknar bidraget i *verdi* òg forpliktar seg til å gje eit minstebidrag i *volum*. *Verdi*-delen av bidraget kan bestå av inn-til 50 pst. transportkostnader og andre kostnader.

Eit anna vanskeleg punkt var knytt til kva matvarer ein skal kunne gje etter konvensjonen (*artikkel IV*). Her stod skilnadene mellom dei landa som ville at konvensjonen framleis skulle vere orientert mot basismatvarer, som korn, belgfrukt og matolje, og dei som ynskte å utvide lista slik at ho i prinsippet kunne omfatte alle matvarer som er eigna som matvarehjelp. Noregs utgangspunkt var at ein i hovudsak burde konsentrere utvalet om billige basismatvarer sidan det vil føre til at ein kan nå fleire menneske. Ein kom til slutt fram til eit kompromiss der lista vart utvida til å gjelde nokre nye vareslag, men der ein framleis har ei hovudinnretting mot basismatvarer.

## 4 Matvarehjelpkonvensjonen av 1999

Det er gjort fleire endringar frå 1995-konvensjonen. Den viktigaste sett frå norsk side er auken av minstebidraget frå verdien av 20 000 tonn til 30 000 tonn kveiteekvivalentar, som er det same nivået som etter tidlegare konvensjonar.

I tillegg til det som er nemnt i det førre punktet, kan ein merkje seg desse endringane i den nye konvensjonen:

I *artikkel VII* er det teke inn ei avgjerd om kva for utviklingsland som kan motta matvarehjelp. Desse skal no vere dei minst utvikla landa og låginntektsland, samt lågare mellominntektsland og andre land på WTO si liste over utviklingsland som er netto-matvareimportørar.

Det har tidlegare ikkje vore restriksjonar på kor stor del av eit gjevarland sitt minstebidrag som kan vere matvarehjelp basert på lån til gunstige vilkår. No har ein i *artikkel IX* fastsett at minst 80 pst. av minstebidraget skal vere gævehjelp.

Som nemnt under punkt tre har forhandlingane ført til endringar når det gjeld korleis forpliktingane skal reknast ut. Det europeiske fellesskapet og medlemsstatane er den einaste konvensjonsparten som har valt å fastsetje bidraget i *verdi*. Dei har òg fastsett eit minstebidrag i *volum*. Partane kan òg indikere den samla verdien av bidraga sine, medrekna transportkostnader og andre tilleggskostnader, dersom dei ynskjer det. USA er framleis den største gjevaren. Det europeiske fellesskapet og medlemsstatane sitt bidrag er ei fellesforplikting som omfattar bidrag frå fleire medlemsstater samt frå EU-kommisjonen. Det er difor uråd å seie noko om fordelinga statane imellom. Canada og Noreg vil auke bidraga sine. Ingen medlemmer ynskjer å redusere bidraga.

Tabell 4.1: Dei enkelte landa sine årlege minstebidrag (*artikkel III bokstav e*):

Medlem	Volum (tonn kveiteekvivalentar)	Verdi (mill.)	Pårekna samla verdi (mill.)
Argentina	35 000	-	-
Australia	250 000	-	AUD 90
Canada	420 000	-	CAD 150
Det europeiske fellesskapet og medlemsstatane	1 320 000	EUR 130	EUR 422
Japan	300 000	-	-
Noreg	30 000	-	NOK 59
Sveits	40 000	-	-
USA	2 500 000	-	USD 900-1000
Til saman	4 895 000	EUR 130	-

## 5 Økonomiske følgjer av matvarehjelpkonvensjonen av 1999

Ratifikasjon av den nye konvensjonen inneber ei årleg forplikting for Noreg til å betale verdien av 30 000 tonn kveiteekvivalentar fram til konvensjonen går ut 30. juni 2002, og lenger dersom han vert forlengd. Det inneber at ein ved å slutte seg til konvensjonen må fremje løyvingsframlegg til oppfyljing av dei norske forpliktingane i statsbudsjettet for 2000, 2001 og 2002, slik ein har gjort tidlegare år. Det er ein føresetnad at kostnadene ved norsk tilslutning til konvensjonen vert dekte innanfor den til kvar tid gjeldande bistandsramma.

Utvalet for matvarehjelp kan forlengje konvensjonen ut over 30. juni 2002 med inntil to år om gongen. Det vert då føresett at Kornhandelkonvensjonen av 1995, eller ein kornhandelkonvensjon som erstattar denne, samstundes er i kraft. Frå norsk side vil ein i utgangspunktet stille seg positiv til ei vidareføring av konvensjonen dersom han viser seg å få ein positiv verknad. Ved ei forlenging kan medlemmene ta opp forpliktingane til ny vurdering. Dei nye forpliktingane vil då gjelde i forlengingsperioden. Kvant medlem kan ved skriftleg melding trekkje seg frå konvensjonen ved eit årsskifte. Slik oppseiing må varslast minst nitti dagar før året er omme (*artikkel XXV*).

Det norske bidraget vert gjeve som eit kontantbidrag til Verdas matvareprogram over den multilaterale delen av bistandsbudsjettet og inngår som ein del av det årlege bidraget til matvareprogrammet sine utviklingsaktivitetar. Bidraget vert brukt til innkjøp av matvarer først og fremst i utviklingsland med matvareoverskot. Som fastsett i konvensjonen, og i tråd med tidlegare år vert kontantbidraga rekna ut etter snittprisen på verdsmarknaden for kveite. For kveiteåret 1999/2000 er referanseprisen USD 144 per tonn. Konvensjonen oppmodar medlemmene til å betale transportkostnader og andre kostnader i samband med bruken av bidraget. Noreg gjer dette og gjev etter Verdas matvareprogram sine reglar eit tilskot til å dekkje desse kostnadene. Det er uråd å fastsetje den eksakte storleiken på desse kostnadene sidan dei vil variere frå år til år mellom anna p.g.a. endringar i referanseprisen for kveite og valutatilhøve, men dei vil som regel utgjere eit tillegg til sjølve varebidraget på om lag 70-80 pst. Med ei forplikting på 30 000 tonn kveiteekvivalentar vil det samla norske bidraget for kveiteåret 1999/2000 verte på om lag 60 mill. kroner (tilsvarande om lag USD 7,8 mill.) Dette utgjer ein auke på om lag 15 mill. kroner frå forpliktinga i 1995-konvensjonen. Bidraget for år 2000 er innarbeidd i framlegget til statsbudsjett som ein del av bidraget til Verdas matvareprogram.

## 6 Slutføresegner

Den nye konvensjonen vart lagt fram til underskriving og tilslutning hjå FN's generalsekretær frå 1. mai til 30. juni 1999 (*artiklane XXII og XXIII*). Etter *artikkel XXIV bokstav a*) ville konvensjonen automatisk tredd i kraft 1. juli 1999 dersom medlemsstatar som til saman representerer minst 75 pst. av dei samla forpliktingane i konvensjonen, hadde ratifisert, godteke, godkjend, tiltredd eller gjeve fråsegn om mellombels bruk av konvensjonen. Av praktiske årsaker har dette ikkje vore råd. I eit møte i Utvalet for matvarehjelp 2. juli 1999 vedtok ein i staden at konvensjonen skulle tre i kraft frå og med 1. juli 1999 mellom dei statane som til da hadde ratifisert, godteke, godkjend, tiltredd eller gjeve fråsegn om mellombels bruk av konvensjonen (*artikkel XXIV bokstav b*)). Samstundes har dei medlemmene som har søkt om det, fått utsetjing til 1. juli 2000 med å slutte seg til konvensjonen (*artiklane XXII bokstav b*) og *XXIII bokstav a*)).

For Noregs del vart spørsmålet om underskriving av Matvarehjelpkonvensjonen av 1999 handsama og vedteke i Statsråd den 25. juni 1999. Samstundes vart det vedtekefråsegn om mellombels bruk av konvensjonen medan ein ventar på handsaming i Stortinget. Noreg skreiv under konvensjonen den 30. juni 1999. Samstundes vart fråsegna om mellombels bruk av konvensjonen overrekt FN-sekretariatet som er depositar for konvensjonen. Noreg ynskte med dette å medverke til at konvensjonen vart sett raskt i kraft. For Noreg inneber mellombels bruk av konvensjonen at ein nyttar konvensjonen i samsvar med norske lover og forskrifter, og at Noreg blir sett på som ein mellombels part i konvensjonen (*artikkel XXII bokstav c*)). Noreg har fått innvilga utsetjing til 1. juli 2000 med å slutte seg til konvensjonen.



## 7 Vurdering

Med Matvarehjelpkonvensjonen av 1999 vil utviklingslanda lettare kunne vite kva slag matvarehjelpleveringar dei har i vente. Den nye konvensjonen er i større grad enn før retta mot å styrke matvaretryggleiken for utsette grupper i fattige land. Dette vert frå norsk side vurdert som positivt, då det fører til sterkare fokus på dei fattigaste gruppene og dei fattigaste landa. Samstundes har ein i hovudsak ført vidare ei utrekning av minstebidrag i volum, noko som motverkar at ein får ein merkbar reduksjon i matvarehjelpa etter konvensjonen i fall det skulle oppstå ein prisauke, til dømes som følgje av ein allmenn under-skotssituasjon i verda.

Det vert gjort framlegg om at Noreg igjen aukar forpliktingane etter konvensjonen frå 20 000 tonn til 30 000 tonn kveiteekvivalentar årleg. Noreg har etter tidlegare konvensjonar hatt ei forplikting på 30 000 tonn. Ho vart redusert til 20 000 tonn etter 1995-konvensjonen, mellom anna p.g.a. misnøye med manglande fattigdomsinretting i konvensjonen. Sidan den nye konvensjonen har fått eit sterkare fokus på dei fattige landa, ser ein det som rett å gå attende til det tidlegare minstebidraget på 30 000 tonn kveiteekvivalentar.

Norsk ratifikasjon av konvensjonen vert vurdert å vere i tråd med norsk bistandspolitikk. Det er òg viktig at ein frå norsk side stør opp om ei viktig avtale som òg forpliktar andre gjevarland.

Spørsmålet om å slutte seg til Matvarehjelpkonvensjonen av 1999 har vore lagt fram for Finans- og tolldepartementet og Landbruksdepartementet. I merknad frå Finans- og tolldepartementet viser ein til at det vert føresett at kostnadene ved norsk tilslutning til konvensjonen vert dekte innanfor den til ei kvar tid gjeldande bistandsramma. Utover dette var det ingen merknader til at Noreg sluttar seg til konvensjonen.

Utvikling- og menneskerettsministeren tilrår ratifikasjon av Matvarehjelpkonvensjonen av 1999.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til ratifikasjon av Matvarehjelpkonvensjonen av 1. juli 1999.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til ratifikasjon av Matvarehjelpkonvensjonen av 1. juli 1999 i samsvar med eit framlagt forslag.

Tilråding frå Utanriksdepartementet ligg ved.

**Vedlegg 1****Food Aid Convention, 1999**

## Preamble

The **Parties** to this Convention,

*Having reviewed the Food Aid Convention, 1995 and its objective of securing at least 10 million tonnes of food aid annually in the form of grain suitable for human consumption, and wishing to confirm their desire to maintain international co-operation on food aid matters among member governments;*

*Recalling the Declaration on World Food Security and the World Food Summit Plan of Action adopted in Rome in 1996, in particular the commitment to achieve food security for all and to an ongoing effort to eradicate hunger;*

*Desiring to enhance the capacity of the international community to respond to food emergency situations and to improve world food security, through the assurance of supplies of food aid irrespective of world food price and supply fluctuations;*

*Recalling that, in their 1994 Marrakesh decision on measures concerning least-developed countries and net food-importing developing countries, Ministers of WTO member countries agreed to review the level of food aid established under the Food Aid Convention as further elaborated at the 1996 Singapore Ministerial Conference;*

*Recognising that the recipients and members have their own policies on food aid and related matters, and that the ultimate objective of food aid is the elimination of the need for food aid itself;*

*Desiring to improve the effectiveness and quality of food aid as a tool in support of food security in developing countries, particularly to alleviate poverty and hunger of the most vulnerable groups, and to improve member co-ordination and co-operation in the field of food aid;*

*Have agreed on the following:*

## Part I - Objectives And Definitions

*Article I*

## Objectives

The objectives of this Convention are to contribute to world food security and to improve the ability of the international community to respond to emergency food situations and other food needs of developing countries by:

- a) making appropriate levels of food aid available on a predictable basis, as determined by the provisions of this Convention;
- b) encouraging members to ensure that the food aid provided is aimed particularly at the alleviation of poverty and hunger of the most vulnerable groups, and is consistent with agricultural development in those countries;
- c) including principles for maximising the impact, the effectiveness and quality of the food aid provided as a tool in support of food security; and,
- d) providing a framework for co-operation, co-ordination and information-

sharing among members on food aid related matters to achieve greater efficiency in all aspects of food aid operations and better coherence between food aid and other policy instruments.

## *Article II*

### Definitions

- a) Under this Convention, unless the context otherwise requires, any reference to:
  - i. Any reference in this Convention to a «Government» or «Governments» or «member» shall be construed as including a reference to the European Community (hereinafter referred to as the EC). Accordingly, any reference in this Convention to «signature» or to the «deposit of instruments of ratification, acceptance, or approval» or «an instrument of accession» or «a declaration of provisional application» by a Government shall, in the case of the EC, be construed as including signature or declaration of provisional application on behalf of the EC by its competent authority and the deposit of the instrument required by the institutional procedures of the EC to be deposited for the conclusion of an international agreement.
- b) Any reference in this Convention to a «Government», or «Governments», or «member», shall be understood, where appropriate, to include a reference to any separate customs territory within the meaning of the General Agreement on Tariffs and Trade or of the Agreement Establishing The World Trade Organization.

## Part II - Contributions and Needs

### *Article III*

#### Quantities and Quality

- a) Members agree to provide food aid to developing countries or the cash equivalent thereof in the minimum annual amounts specified in paragraph (e) below (hereinafter referred to as «the commitment»).
- b) The commitment of each member shall be expressed in either tonnes of wheat equivalent or in value or in a combination of tonnage and value. Members expressing their commitment in value terms shall also specify a guaranteed annual tonnage.
- c) In the case of members expressing their commitment in value terms or in a combination of tonnage and value, the value may include the transport and other operational costs associated with the food aid operations.
- d) Whether its commitment is expressed in tonnage, in value, or in a combination of tonnage and value, a member may also include an indicative value representing its total estimated cost, including the transport and other operational costs associated with the food aid operations.
- e) Subject to the provisions of Article VI, the commitment of each member shall be:

Member	Tonnage <sup>1</sup> (wheat equivalent)	Value <sup>1</sup> (millions)	Total indicative value (millions)
Argentina	35,000	-	
Australia	250,000	-	A\$ 90 <sup>2</sup>
Canada	420,000	-	C\$ 150 <sup>2</sup>
European Community and its member States	1,320,000	EUR 130 <sup>2</sup>	EUR 422 <sup>2</sup>
Japan	300,000	-	
Norway	30,000	-	NOK 59 <sup>2</sup>
Switzerland	40,000	-	
United States of America	2,500,000	-	US\$ 900-1,000 <sup>2</sup>

<sup>1</sup> Members shall report their food aid operations in line with the relevant Rules of Procedure

<sup>2</sup> Includes transport and other operational costs

- f) Transport and other operational costs, when counted towards a member's commitment, must be incurred as part of a food aid operation which is also eligible to be counted towards a member's commitment.
- g) In respect of transport and other operational costs, a member cannot count more than the acquisition cost of eligible products towards its commitment, except in the case of internationally recognised emergency situations.
- h) Any member which has acceded to this Convention under paragraph (b) of Article XXIII shall be deemed to be listed in paragraph (e) of this Article, together with its commitment.
- i) The commitment of an acceding member referred to in paragraph (h) of this Article shall not be less than 20,000 tonnes or an appropriate value as the Committee may approve. This will normally apply in full starting in the first year during which the country is deemed by the Committee to have acceded to the Convention. However, to facilitate the accession of Governments other than those referred to in paragraph (e) of this Article, the Committee may agree that an acceding member's commitment should be phased in over a period of not more than three years, provided that the commitment is at least 10,000 tonnes or an appropriate value in the first year, and increases by at least 5,000 tonnes a year or an appropriate value in each succeeding year.
- j) All products provided as food aid shall meet international quality standards, be consistent with the dietary habits and nutritional needs of recipients and, with the exception of seeds, shall be suitable for human consumption.

#### Article IV

##### Products

- a) The following products are eligible to be supplied under this Convention, subject to the specifications set out in the relevant Rules of Procedure:

- i. The amount of food aid provided by a member in any year in fulfilling its commitment in the form of:
  - ii. all products included in paragraph (a) (vi) to (viii) of this Article shall not together exceed 15%, and no product category may individually exceed 7%, of its commitment excluding transport and other operational costs;
  - iii. all products included in paragraph (a) (ix) of this Article shall not together exceed 5%, and no product may individually exceed 3%, of its commitment excluding transport and other operational costs;
  - iv. in the case of commitments expressed as a combination of tonnage and value, the percentages in sub-paragraphs (i) and (ii) above shall be calculated separately for tonnage and value, excluding transport and other operational costs.
- b) For the purposes of fulfilment of their commitments, members may provide micro-nutrients in conjunction with eligible products. They are encouraged to provide, when appropriate, fortified food aid products, particularly in emergency situations and targeted development projects.

#### *Article V*

##### Equivalence

- a) Contributions shall be counted in terms of their wheat equivalent, as follows:
  - i. grain for human consumption shall be equal to wheat;
  - ii. rice shall be determined by the international export price relationship between rice and wheat, in accordance with the methods set out in the Rules of Procedure;
  - iii. products of primary or secondary processing of grains or of rice shall be determined by their respective grain or rice content, in accordance with the specifications set out in the Rules of Procedure;
  - iv. pulses, seed of grain, rice or other food crops, and all other eligible products, shall be based on the costs of acquisition in accordance with the methods set out in the Rules of Procedure.
- b) In the case of contributions in the form of blends or mixtures of products, only the proportion of the blend or mixture which is made from eligible products shall be counted towards a member's contribution.
- c) The Committee shall establish a Rule of Procedure to determine the wheat equivalent of fortified products and micro-nutrients.
- d) Contributions of cash for the purchase of eligible products supplied as food aid shall be evaluated either in accordance with the wheat equivalent of these products, or at prevailing international market prices of wheat, in accordance with the methods laid down in the Rules of Procedure.

#### *Article VI*

##### Carryover and Carryforward

- a) Each member shall ensure that operations in respect of its commitment

- for one year are made to the maximum extent possible within that year.
- b) If a member is unable to provide the amount specified in paragraph (e) of Article III in a particular year, it shall report the circumstances to the Committee as soon as possible and, in any case, no later than the first session held after the end of that year. Unless the Committee decides otherwise, the unfulfilled amount shall be added to the member's commitment for the following year.
  - c) If a member's contribution exceeds its commitment for any year, up to 5 % of its overall commitment, or the amount of the excess, whichever is the smaller, may be counted as part of the member's commitment for the following year.

### *Article VII*

#### Eligible Recipients

- a) Food aid under this Convention may be provided to the developing countries and territories which are listed in Annex B, namely:
  - i. least-developed countries;
  - ii. low-income countries;
  - iii. lower middle-income countries, and other countries included in the WTO list of Net Food-Importing Developing Countries at the time of negotiation of this Convention, when experiencing food emergencies or internationally recognised financial crises leading to food shortage emergencies, or when food aid operations are targeted on vulnerable groups.
- b) For purposes of paragraph (a) above, any changes made to the DAC list of Developing Countries and Territories in Annex B (a) to (c) shall also apply to the list of eligible recipients under this Convention.
- c) When allocating their food aid, members shall give priority to least-developed countries and low-income countries.

### *Article VIII*

#### Needs

- a) Food aid should only be provided when it is the most effective and appropriate means of assistance.
- b) Food aid should be based on an evaluation of needs by the recipient and the members, within their own respective policies, and should be aimed at enhancing food security in recipient countries. In responding to those needs, members shall pay attention to meeting the particular nutritional needs of women and children.
- c) Food aid for free distribution should be targeted on vulnerable groups.
- d) The provision of food aid in emergency situations should take particular account of longer-term rehabilitation and development objectives in the recipient countries and should respect basic humanitarian principles. Members shall aim to ensure that the food aid provided reaches the intended recipients in a timely manner.
- e) To the maximum extent possible, non-emergency food aid shall be provi-

ded by members on a forward planning basis, so that recipient countries may be able to take account, in their development programmes, of the likely flow of food aid they will receive during each year of this Convention.

- f) If it appears that, because of a substantial production shortfall or other circumstances, a particular country, region or regions is faced with exceptional food needs, the matter shall be considered by the Committee. The Committee may recommend that members should respond to the situation by increasing the amount of food aid provided.
- g) At the time of the identification of food aid needs, members or their partners shall endeavour to consult with each other at the regional and recipient country level, with a view to developing a common approach to needs analysis.
- h) Members agree, where appropriate, to identify priority countries and regions under their food aid programmes. Members will ensure transparency as to their priorities, policies and programmes, by providing information for other donors.
- i) Members will consult with each other, directly or through their relevant partners, on the possibilities for the establishment of common action plans for priority countries, if possible on a multi-annual basis.

#### *Article IX*

##### Forms and Terms of Aid

- a) Food aid under this Convention may be supplied as:
  - i. grants of food or of cash to be used to purchase food for or by the recipient country;
  - ii. sales of food for the currency of the recipient country, which is not transferable and is not convertible into currency or goods and services for use by the donor members;
  - iii. sales of food on credit, with payment to be made in reasonable annual amounts over periods of 20 years or more and with interest at rates which are below commercial rates prevailing in world markets.
- b) With respect only to food aid counted against a member's commitment, all food aid provided to least-developed countries shall be made in the form of grants.
- c) Food aid under this Convention provided in the form of grants shall represent not less than 80 per cent of a member's contribution and, to the extent possible, members will seek progressively to exceed this percentage.
- d) Members shall undertake to conduct all food aid transactions under this Convention in such a way as to avoid harmful interference with normal patterns of production and international commercial trade.
- e) Members shall ensure that:
  - i. the provision of food aid is not tied directly or indirectly, formally or informally, explicitly or implicitly, to commercial exports of agricultural products or other goods and services to recipient countries;
  - ii. food aid transactions, including bilateral food aid which is monetised, are carried out in a manner consistent with the FAO «Principles of Surplus Disposal and Consultative Obligations».

*Article X*

## Transport and Delivery

- a) The costs of transporting and delivering food aid beyond the f.o.b. stage shall, to the extent possible, be borne by the donors, particularly in the case of emergency food aid or food aid provided to priority recipient countries.
- b) In planning food aid operations, due account shall be taken of potential difficulties which may affect transport, processing or storage of food aid, and the effects that the delivery of the aid may have on marketing of local harvests in the recipient country.
- c) In order to make optimum use of available logistical capacity, members shall establish, as far as possible, with other food aid donors, recipient countries, and any other parties involved in the delivery of the food aid, a co-ordinated timetable for the delivery of their aid.
- d) Due reference to the payment of transport and other operational costs shall be made in any review of the performance of members under this Convention.
- e) Transport and other operational costs must be incurred as part of a food aid operation which is also eligible to be reported as part of a member's contribution.

*Article XI*

## Channelling

- a) Members may provide their food aid bilaterally, through intergovernmental or other international organisations, or non-governmental organisations.
- b) Members shall give full consideration to the advantages of directing food aid through multilateral channels, in particular the World Food Programme.
- c) In developing and implementing their food aid operations, members shall make use, whenever possible, of information and competencies available within the relevant international organisations, whether inter-governmental or non-governmental, active in the field of food aid.
- d) (d) Members are encouraged to co-ordinate their food aid policies and activities in relation to international organisations active in the field of food aid, with a view to strengthening the coherence of food aid operations.

*Article XII*

## Local Purchases and Triangular Transactions

- a) In order to promote local agricultural development, strengthen regional and local markets and enhance the longer-term food security of recipient countries, members shall give consideration to using or directing their cash contributions for the purchase of food:
  - i. for supply to the recipient country from other developing countries («triangular transactions»); or,



- ii. in one part of a developing country for supply to a deficit area in that country («local purchases»).
- b) Cash contributions shall not normally be made to purchase food which is of the same type that the country which is the source of supply has received as bilateral or multilateral food aid in the same year as the purchase, or in a previous year if the food aid then received is still being used.
- c) To facilitate the purchase of food from developing countries, members shall, to the extent possible, provide to the Secretariat such information as is available to them on food surpluses that may exist, or are anticipated, in developing countries.
- d) Members shall pay particular attention to avoiding harmful effects on low-income consumers due to price changes resulting from local purchases.

### *Article XIII*

#### **Effectiveness and Impact**

- a) In all food aid transactions, members shall pay particular attention to:
  - i. avoiding harmful effects on local harvests, production and marketing structures, by appropriately timing the distribution of food aid;
  - ii. respecting local food habits and nutritional needs of the beneficiaries and minimising any possible negative effects on their eating habits; and
  - iii. facilitating the participation of women in the decision-making process and in the implementation of food aid operations, thus strengthening food security at the household level.
- b) Members shall endeavour to support the efforts of governments in recipient countries to develop and implement food aid programmes in a manner consistent with this Convention.
- c) Members should support and, where appropriate, contribute to strengthening the capacity and competence of recipient governments and the respective civil societies to develop and implement food security strategies to enhance the impact of food aid programmes.
- d) When food aid is sold within a recipient country, the sale shall be carried out, as far as possible, through the private sector and be based on market analysis. In targeting proceeds from such sales, priority shall be given to projects aiming to improve the food security of beneficiaries.
- e) Consideration should be given to reinforcing food aid by other means (financial aid, technical assistance etc.) in order to strengthen its capacity to enhance food security and to increase the capacity of governments and civil society to develop food security strategies at all levels.
- f) Members shall endeavour to ensure coherence between food aid policies and policies in other sectors such as development, agriculture and trade.
- g) Members agree to consult to the extent possible with all partners concerned at the level of each recipient country to ensure monitoring of the coordination of food aid programmes and operations.
- h) Members shall endeavour to carry out joint evaluations of their food aid programmes and operations. Such evaluation should be based on agreed international principles.
- i) When carrying out evaluations of their food aid programmes and opera-

tions, members shall take into consideration the provisions of this Convention relating to the effectiveness and impact of those food aid programmes and operations.

- j) Members are encouraged to assess the impact of their food aid programmes, channelled bilaterally or multilaterally or through non-governmental organisations, using appropriate indicators such as the nutritional status of the beneficiaries and other indicators related to world food security.

#### *Article XIV*

##### Information and Co-ordination

- a) Members shall provide regular and timely reports to the Committee on the amount, content, channelling, costs including transport and other operational costs, forms and terms of their contributions in accordance with the Rules of Procedure.
- b) Members undertake to supply such statistical and other information that may be required for the operation of this Convention, in particular regarding their:
  - i. aid deliveries, including the purchase of products made as the result of cash contributions, local purchases or triangular operations, and those channelled through international organisations;
  - ii. arrangements entered into for the future supply of food aid;
  - iii. policies affecting the provision and distribution of food aid. To the extent possible, these reports shall be submitted in writing to the Executive Director before each regular session of the Committee.
- c) Members who make contributions in the form of multilateral cash contributions to international organisations shall report the fulfilment of their obligations in accordance with the Rules of Procedure.
- d) Members shall exchange information on their food aid policies and programmes and the results of their evaluations of these policies and programmes, and shall endeavour to ensure the coherence of their food aid programmes with food security strategies at national, regional, local and household levels.
- e) Members shall indicate to the Committee, in advance, the amount of their commitment which is not made in the form of grants and the terms of any such aid.

#### Part III - Administration

##### *Article XV*

##### Food Aid Committee

- a) The Food Aid Committee, established by the Food Aid Convention of the International Grains Arrangement, 1967, shall continue in being for the purpose of administering this Convention, with the powers and functions provided in this Convention.
- b) The membership of the Committee shall consist of all parties to this Convention.

- c) Each member shall designate a representative resident at the seat of the Committee to whom the Secretariat's notices and other communications related to the work of the Committee shall normally be addressed. Other arrangements may be adopted by any member in agreement with the Executive Director.

#### *Article XVI*

##### **Powers and Functions**

- a) The Committee shall take such decisions and perform such functions as are required to carry out the provisions of this Convention. It shall establish such Rules of Procedure as are necessary for this purpose.
- b) The decisions of the Committee shall be reached by consensus.
- c) The Committee shall keep the requirements for food aid in developing countries and the ability of members to respond to those requirements under review.
- d) The Committee shall keep under review the progress made in attaining the objectives set out in Article I of this Convention, and the fulfilment of the provisions of this Convention.
- e) The Committee may receive information from recipient countries and consult with them.

#### *Article XVII*

##### **Chairman and Vice-Chairman**

- a) At the last statutory session held in each year, the Committee shall appoint a Chairman and a Vice-Chairman for the following year.
- b) The duties of the Chairman shall be:
  - i. If the Chairman is absent from a session or any part thereof, or is temporarily unable to fill the office of Chairman, the Vice-Chairman shall act as Chairman. In the absence of the Chairman and the Vice-Chairman, the Committee shall appoint a temporary Chairman.
- c) If, for any reason, the Chairman is unable to continue to fill the office of Chairman, the Vice-Chairman shall act as Chairman pending the appointment of a new Chairman by the Committee.
- d) The Vice-Chairman, when acting as Chairman, or the temporary Chairman, shall have the same powers and duties as the Chairman.

#### *Article XVIII*

##### **Sessions**

- a) The Committee shall meet at least twice a year in conjunction with the statutory sessions of the International Grains Council. The Committee shall meet also at such other times either as the Chairman shall decide, at the request of three members, or as otherwise required by this Convention.
- b) The presence of delegates representing two thirds of the membership of

- the Committee shall be necessary to constitute a quorum at any session of the Committee.
- c) The Committee may, when appropriate, invite any non-member government and representatives from other international inter-governmental organisations to attend its open meetings as observers.
  - d) The seat of the Committee shall be in London.

#### *Article XIX*

##### Secretariat

- a) The Committee shall use the services of the Secretariat of the International Grains Council for the performance of such administrative duties as the Committee may request, including the processing and distribution of documentation and reports.
- b) The Executive Director shall carry out the directions of the Committee and shall perform such duties as are laid down in the Convention and the Rules of Procedure.

#### *Article XX*

##### Defaults and Disputes

- a) In the case of a dispute concerning the interpretation or application of this Convention, or of a default in obligations under this Convention, the Committee shall meet and take appropriate action.
- b) Members shall take account of the recommendations and conclusions reached by consensus by the Committee in cases of disagreement as to the application of the provisions of this Convention.

#### Part IV - Final Provisions

##### *Article XXI*

##### Depositary

The Secretary-General of the United Nations is hereby designated as the depositary of this Convention.

##### *Article XXII*

##### Signature and Ratification

- a) This Convention shall be open for signature from 1 May 1999 until and including 30 June 1999 by the Governments referred to in paragraph (e) of Article III.
- b) This Convention shall be subject to ratification, acceptance or approval by each signatory Government in accordance with its constitutional procedures. Instruments of ratification, acceptance or approval shall be deposited with the depositary not later than 30 June 1999, except that the Committee

may grant one or more extensions of time to any signatory Government that has not deposited its instrument of ratification, acceptance or approval by that date.

- c) Any signatory Government may deposit with the depositary a declaration of provisional application of this Convention. Any such Government shall provisionally apply this Convention in accordance with its laws and regulations and be provisionally regarded as a party thereto.
- d) The depositary shall notify all signatory and acceding Governments of each signature, ratification, acceptance, approval, provisional application of, and accession to, this Convention.

### *Article XXIII*

#### Accession

- a) This Convention shall be open for accession by any Government referred to in paragraph (e) of Article III that has not signed this Convention. Instruments of accession shall be deposited with the depositary not later than 30 June 1999, except that the Committee may grant one or more extensions of time to any Government that has not deposited its instrument of accession by that date.
- b) Once this Convention has entered into force in accordance with Article XXIV, it shall be open for accession by any Government other than those referred to in paragraph (e) of Article III, upon such conditions as the Committee considers appropriate. Instruments of accession shall be deposited with the depositary.
- c) Any Government acceding to this Convention under paragraph (a) of this Article, or whose accession has been agreed by the Committee under paragraph (b) of this Article, may deposit with the depositary a declaration of provisional application of this Convention pending the deposit of its instrument of accession. Any such Government shall provisionally apply this Convention in accordance with its laws and regulations and be provisionally regarded as a party thereto.

### *Article XXIV*

#### Entry into force

- a) This Convention shall enter into force on 1 July 1999 if by 30 June 1999 the Governments, whose combined commitments, as listed in paragraph (e) of Article III, equal at least 75% of the total commitments of all governments listed in that paragraph, have deposited instruments of ratification, acceptance, approval or accession, or declarations of provisional application, and provided that the Grains Trade Convention, 1995 is in force.
- b) If this Convention does not enter into force in accordance with paragraph (a) of this Article, the Governments which have deposited instruments of ratification, acceptance, approval or accession, or declarations of provisional application, may decide by unanimous consent that it shall enter into force among themselves provided that the Grains Trade Convention, 1995 is in force.

*Article XXV***Duration and Withdrawal**

- a) This Convention shall remain in force until and including 30 June 2002, unless extended under paragraph (b) of this Article or terminated earlier under paragraph (f) of this Article, provided that the Grains Trade Convention, 1995, or a new Grains Trade Convention replacing it, remains in force until and including that date.
- b) The Committee may extend this Convention beyond 30 June 2002 for successive periods not exceeding two years on each occasion, provided that the Grains Trade Convention, 1995, or a new Grains Trade Convention replacing it, remains in force during the period of the extension.
- c) If this Convention is extended under paragraph (b) of this Article, the commitments of members under paragraph (e) of Article III may be subject to review by members before the entry into force of each extension. Their respective commitments, as reviewed, shall remain unchanged for the duration of each extension.
- d) The operation of this Convention shall be kept under review, in particular with reference to the results of any multilateral negotiations bearing on the provision of food aid, including especially on concessional credit terms, and the need to apply the results thereof.
- e) The situation with respect to all food aid operations and, in particular, those under concessional credit terms, shall be reviewed before deciding on any extension of this Convention or any new convention.
- f) In the event of this Convention being terminated, the Committee shall continue in being for such time as may be required to carry out its liquidation, and shall have such powers, and exercise such functions, as may be necessary for that purpose.
- g) Any member may withdraw from this Convention at the end of any year by giving written notice of withdrawal to the depositary at least ninety days prior to the end of that year. That member shall not thereby be released from any obligations incurred under this Convention which have not been discharged by the end of that year. The member shall simultaneously inform the Committee of the action it has taken.
- h) Any member which withdraws from this Convention may thereafter rejoin by giving written notice to the Committee and to the depositary. It shall be a condition of rejoining the Convention that the member shall be responsible for fulfilling its commitment with effect from the year in which it rejoins.

*Article XXVI***International Grains Agreement**

This Convention shall replace the Food Aid Convention, 1995, as extended, and shall be one of the constituent instruments of the International Grains Agreement, 1995.

## Article XXVII

### Authentic text

The texts of this Convention in the English, French, Russian and Spanish languages shall all be equally authentic.

DONE at London, 13 April Nineteen Ninety-Nine

## Annex A

### Transport and other Operational Costs

The following transport and other operational costs associated with food aid contributions are included under Articles II (a) (xx), III, X and XIV of this Convention:

#### (a) Transport Costs

- freight, including loading and discharge
- demurrage and dispatch
- trans-shipment
- bagging
- insurance and superintendance
- port charges and storage fees in port
- temporary warehouse facilities and fees in port and on-route
- in-country transport, vehicle hire, tolls and escort, convoy and border fees
- equipment hire
- aircraft, airlifts

#### (b) Other Operational Costs

- non-food items (NFIs) utilised by beneficiaries (tools, utensils, agricultural inputs)
- NFIs provided to implementing partners (vehicles, storage facilities)
- costs of counterpart training
- implementing partners' operational costs, not otherwise covered as transport costs
- milling and other special costs
- in-country NGO costs
- technical support services and logistics management
- project preparation, appraisal, monitoring and evaluation
- beneficiary registration
- in-country technical services

## Annex B

### Eligible Recipients

Eligible food aid recipients under Article VII of this Convention refer to Developing Countries and Territories listed as aid recipients by the Development Assistance Committee (DAC) of the OECD, effective as of 1 January

1997, and to countries included in the WTO list of Net Food-Importing Developing Countries, effective as of 1 March 1999.

*(a) Least-Developed Countries*

Afghanistan, Angola, Bangladesh, Benin, Bhutan, Burkina Faso, Burundi, Cambodia, Cape Verde, Central African Republic, Chad, Comoros, Congo Dem. Rep., Djibouti, Equatorial Guinea, Eritrea, Ethiopia, Gambia, Guinea, Guinea-Bissau, Haiti, Kiribati, Laos, Lesotho, Liberia, Madagascar, Malawi, Maldives, Mali, Mauritania, Mozambique, Myanmar, Nepal, Niger, Rwanda, Sao Tome and Principe, Sierra Leone, Solomon Islands, Somalia, Sudan, Tanzania, Togo, Tuvalu, Uganda, Vanuatu, Western Samoa, Yemen, Zambia.

*(b) Low-Income Countries*

Albania, Armenia, Azerbaijan, Bosnia and Herzegovina, Cameroon, China, Congo Rep., Côte d'Ivoire, Georgia, Ghana, Guyana, Honduras, India, Kenya, Kyrgyz Rep, Mongolia, Nicaragua, Nigeria, Pakistan, Senegal, Sri Lanka, Tajikistan, Viet Nam and Zimbabwe.

*(c) Lower Middle-Income Countries*

Algeria, Belize, Bolivia, Botswana, Colombia, Costa Rica, Cuba, Dominica, Dominican Republic, Ecuador, Egypt, El Salvador, Fiji, Grenada, Guatemala, Indonesia, Iran, Iraq, Jamaica, Jordan, Kazakhstan, Korea (Democratic Republic of), Lebanon, Macedonia (former Yugoslav Republic), Marshall Islands, Micronesia Federated States, Moldova, Morocco, Namibia, Niue, Palau Islands, Palestinian Administered Areas, Panama, Papua New Guinea, Paraguay, Peru, Philippines, St. Vincent & Grenadines, Suriname, Swaziland, Syria, Thailand, Timor, Tokelau, Tonga, Tunisia, Turkey, Turkmenistan, Uzbekistan, Venezuela, Wallis and Futuna, and Yugoslavia Federal Republic.

*(d) WTO Net Food-Importing Developing Countries (not included above)*

Barbados, Mauritius, St Lucia, Trinidad & Tobago.



**Vedlegg 2****Matvarehjelpkonvensjonen, 1999**

Fortale

Partane i denne konvensjonen -

*som har revidert* Matvarehjelpkonvensjonen av 1995 og målet i denne konvensjonen om å sikre minst 10 millionar tonn matvarehjelp årleg i form av korn som er eigna til konsum, og som vil stadfeste at dei vil halde fram det internasjonale samarbeidet i matvarehjelpspørsmål blant medlemsregjeringane,

*som minnest* fråsegna om matvaretryggleiken i verda og handlingsplanen frå verdas matvaretoppmøte vedtekne i Roma i 1996, særleg forpliktinga til å skape matvaretryggleik for alle og til å gjere ein vedvarande innsats for å avskaffe svolt,

*som ynskjer* å styrkje evna til verdssamfunnet til å reagere på matvarenaudssituasjonar og betre matvaretryggleiken i verda ved å sikre forsyningar av matvarehjelp utan omsyn til matvareprisane i verda og svingingar i forsyningane,

*som minnest* at ministrane i medlemsstatane i Verdshandelsorganisasjonen i vedtaket sitt i Marrakech i 1994 om tiltak for dei minst utvikla landa og utviklingsland med netto matvareimport samdest om å ta opp til ny vurdering nivået på matvarehjelp fastsett i medhald av Matvarehjelpkonvensjonen og vidareutvikla på ministerkonferansen i Singapore i 1996,

*som erkjenner* at mottakarane og medlemmene har sin eigen politikk for matvarehjelp og tilknytte spørsmål, og at det endelege føremålet med matvarehjelp er å avskaffe sjølve behovet for matvarehjelp,

*som ynskjer* å betre effektiviteten av og kvaliteten på matvarehjelp som ein reiskap til støtte for matvaretryggleik i utviklingsland, særleg for å redusere fattigdom og svolt blant dei mest utsette gruppene, og å betre samordninga og samarbeidet mellom medlemmene på området matvarehjelp -

*Er samde om dette:*

**Del I - Føremål og definisjonar****Artikkel I****Føremål**

Føremålet med denne konvensjonen er å medverke til større matvaretryggleik i verda og å betre evna til verdssamfunnet til å reagere på matvarenaudsituasjonar og andre matvarebehov i utviklingsland ved å:

- a) stille høvelege mengder matvarehjelp til rådvelde på eit føreseieleg grunnlag, som fastsett i føresegnene i denne konvensjonen,
- b) oppmode medlemmene til å sjå til at den matvarehjelpa som vert ytt, vert retta særleg mot å minske fattigdom og svolt i dei mest utsette gruppene og samsvarar med jordbruksutviklinga i vedkomande land,
- c) innarbeide prinsippa om å maksimere verknaden av, effektiviteten av og kvaliteten på den matvarehjelpa som vert ytt, som ein reiskap til støtte for matvaretryggleik, og

- d) fastsetje ei ramme for samarbeid, samordning og informasjonsutveksling mellom medlemmene når det gjeld spørsmål i samband med matvarehjelp med sikte på å skape større effektivitet med omsyn til alle sider ved matvarehjelpoperasjonar og betre samanheng mellom matvarehjelp og andre politiske instrument.

## Artikkel II

### Definisjonar

- a) Med mindre det i samanhengen vert føresett noko anna, meiner ein i denne konvensjonen med:
- i. «cif»: kostnader, trygding og frakt,
  - ii. «forplikting»: den minstemengda av matvarehjelp som skal ytast årleg av ein medlem i medhald av artikkel III bokstav e),
  - iii. «utvalet»: Utvalet for matvarehjelp, nemnd i artikkel XV,
  - iv. «bidrag»: den mengda av matvarehjelp som vert ytt og rapportert til utvalet av ein medlem kvart år i samsvar med føresegnene i denne konvensjonen,
  - v. «konvensjon»: Matvarehjelpkonvensjonen av 1999,
  - vi. «DAC»: OECD-utvalet for utviklingshjelp,
  - vii. «utviklingsland»: kvart land eller territorium som har rett til å motta matvarehjelp etter artikkel VII,
  - viii. «aktuell vare»: vare nemnd i artikkel IV som kan gjevast som matvarehjelp av ein medlem som bidraget frå medlemmen etter denne konvensjonen,
  - ix. «eksekutivdirektøren»: eksekutivdirektøren i Det internasjonale kornrådet,
  - x. «fob»: fritt om bord,
  - xi. «matvarer» eller «matvarehjelp»: omfattar ei tilvising til frø for matvareavlingar, der dette høver,
  - xii. «medlem»: ein part i denne konvensjonen,
  - xiii. «mikronæringsstoff»: vitamin og mineralar som vert bruka til å rike opp eller supplere matvarehjelpprodukt som etter artikkel IV bokstav c) kan reknast som eit bidrag frå ein medlem,
  - xiv. «OECD»: Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling,
  - xv. «produkt som har gjennomgått ein første foredlingsprosess» omfattar:
    - mjøl,
    - gryn og grynmjøl,
    - anna foredla korn (t.d. valsa, foredla til flak, polert, foredla til perlegryn og grovknust, men ikkje ytterlegare foredla) med unntak av avskala, glasert eller polert ris eller brotris,
    - kim av korn, heile, valsa, foredla til flak eller male,
    - bakkveite, og
    - andre liknande kornprodukt som utvalet fastset.
  - xvi. «produkt som har gjennomgått ein sekundær foredlingsprosess» omfattar:
    - makaroni, spaghetti og liknande produkt, og
    - andre produkt der det under tilverkinga vert nytta eit produkt som har gjennomgått ein første foredlingsprosess, som utvalet fastset,

- xvii.«ris»: omfattar avskala, glasert og polert ris eller brotris,
- xviii.«Sekretariatet»: sekretariatet til Det internasjonale kornrådet,
- xix.«tonn»: eit metrisk tonn på 1000 kilogram,
- xx.«transportkostnader og andre driftskostnader» oppførte i vedlegg A: kostnader ut over fob-stadiet eller, når det gjeld lokale kjøp, ut over innkjøpsstaden, i samband med ein matvarehjelpoperasjon, som heilt eller delvis kan reknast som eit bidrag frå ein medlem,
- xxi.«verdi»: forpliktinga til ein medlem i ein konvertibel valuta,
- xxii.«kveiteekvivalent»: storleiken på forpliktinga eller bidraget til ein medlem som utrekna i samsvar med artikkel V,
- xxiii.«WTO»: Verdshandelsorganisasjonen,
- xxiv.«år»: tidsrommet frå 1. juli til 30. juni neste år med mindre noko anna er fastsett.

- b) Når det i denne konvensjonen vert vist til ei «regjering» eller «regjeringar» eller «medlem», skal dette òg omfatte Det europeiske fellesskapet (heretter kalla EF). Når det i denne konvensjonen vert vist til ei regjering si «underskriving» eller «deponering av ratifikasjons-, godtakings- eller godkjenningssdokument» eller «tiltredingsdokument» eller «fråsegn om mellombels bruk», skal dette for EF sitt vedkomande forståast slik at det òg omfattar underskriving eller fråsegn om mellombels bruk på vegner av EF ved EF si rette styresmakt og deponering av dokumentet som etter EF sine institusjonelle framgangsmåtar skal deponerast ved inngåing av ein internasjonal avtale.
- c) Når det i denne konvensjonen vert vist til ei «regjering» eller «regjeringar» eller «medlem», skal dette, der det høver, òg omfatte kvart eige tollterritorium slik det er definert i Generalavtalen om tolltariffar og handel eller i avtalen om skipinga av Verdshandelsorganisasjonen.

## Del II - Bidrag og behov

### Artikkel III

#### Mengder og kvalitet

- a) Medlemmene er samde om å yte matvarehjelp til utviklingsland eller ein tilsvarande kontantsum med eit årleg minstebidrag fastsett i bokstav e) (heretter kalla «forpliktinga»).
- b) Forpliktinga til kvar medlem skal uttrykkjast anten i tonn kveiteekvivalen- tar eller i verdi eller i ein kombinasjon av tonn og verdi. Medlemmer som uttrykkjer forpliktinga si i verdi, skal òg oppgje eit garantert årleg tal tonn.
- c) Når det gjeld medlemmer som uttrykkjer forpliktinga si i verdi eller i ein kombinasjon av tonn og verdi, kan verdien omfatte transportkostnader og andre driftskostnader i samband med matvarehjelpoperasjonar.
- d) Anten forpliktinga til ein medlem vert uttrykt i tonn, i verdi eller i ein kombinasjon av tonn og verdi, kan medlemmen òg ta med ein rettleiande sum som viser kva forpliktinga kjem på til saman, medrekna transportkostna- der og andre driftskostnader i samband med matvarehjelpoperasjonane.
- e) Med atterhald for føresegnene i artikkel VI skal forpliktinga til kvar medlem vere:

Medlem	Tonn <sup>1</sup> (kveiteekvivalentar)	Verdi <sup>1</sup> (mill.)	Pårekna samla verdi (mill.)
Argentina	35 000	-	
Australia	250 000	-	AUD 90 <sup>2</sup>
Canada	420 000	-	CAD 150 <sup>2</sup>
Det europeiske fellesskapet og medlemsstatane	1 320 000	EUR 130 <sup>2</sup>	EUR 422 <sup>2</sup>
Japan	300 000	-	
Noreg	30 000	-	NOK 59 <sup>2</sup>
Sveits	40 000	-	
USA	2 500 000	-	USD 900-1 000 <sup>2</sup>

<sup>1</sup> Medlemmene skal rapportere matvarehjelpoperasjonane sine i samsvar med dei aktuelle prosedyrereglane.

<sup>2</sup> Medrekna transportkostnader og andre driftskostnader.

- f) Når transportkostnader og andre driftskostnader vert rekna med i forpliktinga til ein medlem, må dei vere påkomne som ein del av ein matvarehjelpoperasjon som òg kan inngå i forpliktinga til ein medlem.
- g) Med omsyn til transportkostnader og andre driftskostnader kan ein medlem ikkje ta med meir enn innkjøpskostnaden for aktuelle varer i forpliktinga si, bortsett frå i tilfelle av internasjonalt godtekne naudssituasjonar.
- h) Ein medlem som har tiltredd denne konvensjonen etter artikkel XXIII bokstav b), skal reknast som oppført i bokstav e) i denne artikkelen, saman med forpliktinga si.
- i) Forpliktinga til ein tiltredande medlem nemnd i bokstav h) i denne artikkelen skal ikkje vere mindre enn 20 000 tonn eller ein høveleg verdi som utvalet godkjenner. Dette vil normalt gjelde fullt ut frå det første året landet vert rekna av utvalet for å ha tiltredd konvensjonen. For å lette tiltreding for andre regjeringar enn dei som er nemnde i bokstav e) i denne artikkelen, kan utvalet likevel samtykkje i at forpliktinga til ein tiltredande medlem bør fasast inn over eit tidsrom på høgst tre år, dersom forpliktinga er på minst 10 000 tonn eller ein høveleg verdi i det første året og aukar med minst 5 000 tonn i året eller ein høveleg verdi i kvart følgjande år.
- j) Alle varer som vert gjevne som matvarehjelp, skal oppfylle internasjonale kvalitetsnormer, høve med mottakarane sitt kosthalds- og næringsbehov og, med unntak av frø, vere eigna til konsum.

#### Artikkel IV

##### Varer

- a) Følgjande varer er aktuelle i medhald av denne konvensjonen, med atterhald for dei spesifikasjonane som er fastsette i dei relevante prosedyrereglane:
  - i. korn (kveite, bygg, mais, hirse, havre, rug, durra eller rugkveite) eller ris,
  - ii. korn- og risprodukt som har gjennomgått ein første eller ein sekundær

- foredlingsprosess,
- iii. belgfrukter,
  - iv. matolje,
  - v. rotvekster (kassava, potetar, søtpotetar, jams eller taro), når desse vert leverte i tresidige transaksjonar eller i lokale kjøp,
  - vi. skummamjølkpulver,
  - vii. sukker,
  - viii. frø til aktuelle varer, og
  - ix. innanfor grensene av bokstav b) nedanfor, varer som er ein del av det tradisjonelle kosthaldet til utsette grupper, eller ein del av supplerande ernæringsprogram, og som oppfyller krava i artikkel III bokstav j) i denne konvensjonen.
- b) Den mengda av matvarehjelp som vert ytt av ein medlem i eit år som oppfylling av forpliktinga til medlemmen i form av:
- i. alle varer som vert omfatta av bokstav a) punkt vi) til viii) i denne artikkelen, skal ikkje til saman overstige 15 %, og ingen einskild varekategori kan overstige 7 %, av forpliktinga til medlemmen, ikkje medrekna transportkostnader og andre driftskostnader,
  - ii. alle varer som vert omfatta av bokstav a) punkt ix) i denne artikkelen, skal ikkje saman overstige 5 %, og inga einskild vare kan overstige 3 %, av forpliktinga til medlemmen, ikkje medrekna transportkostnader og andre driftskostnader,
  - iii. når det gjeld forpliktingar uttrykte som ein kombinasjon av tonn og verdi, skal prosentane i punkt i) og ii) ovanfor reknast ut separat for tonn og verdi, ikkje medrekna transportkostnader og andre driftskostnader.
- c) Med tanke på å oppfylle forpliktingane sine kan medlemmene gje mikronæringsstoff i tilknytning til aktuelle varer. Dei vert oppmoda til, når det er høveleg, å gje opprika matvarehjelpprodukt, særleg i naudssituasjonar og målretta utviklingsprosjekt.

#### Artikkel V

##### Likeverd

- a) Bidrag skal uttrykkjast i kveiteekvivalensen sin, slik:
- i. korn til konsum skal vere lik kveite,
  - ii. ris skal fastsetjast ut frå det internasjonale eksportpristilhøvet mellom ris og kveite, i samsvar med metodane fastsette i prosedyrereglane,
  - iii. korn- eller risprodukt som har gjennomgått ein første eller sekundær foredlingsprosess, skal fastsetjast ut frå sitt respektive korn- eller risinnhald, i samsvar med spesifikasjonane fastsette i prosedyrereglane,
  - iv. belgfrukter, frø av korn, ris eller andre matvareavlingar, og alle andre aktuelle varer, skal vere basert på innkjøpskostnaden i samsvar med metodane fastsette i prosedyrereglane.
- b) Når det gjeld bidrag i form av blandingar av varer, skal berre den delen av blandinga som er laga av aktuelle varer, reknast med i bidraget frå medlemmen.

- c) Utvalet skal fastsetje framgangsmåten for fastsetjing av kveiteekvivalentane av opprika produkt og mikronæringsstoff.
- d) Pengebidrag til kjøp av aktuelle varer som vert gjevne som matvarehjelp, skal reknast ut anten i samsvar med desse varene sine kveiteekvivalentar eller etter rådande internasjonale marknadsprisar for kveite, i samsvar med metodane fastsette i prosedyrereglane.

### Artikkel VI

#### Overføring av mengder

- a) Kvar medlem skal sjå til at operasjonane knytte til forpliktingane til medlemmen for eitt år, så langt det er råd, går føre seg innanfor vedkomande år.
- b) Dersom ein medlem ikkje er i stand til å gje den mengda som er fastsett i artikkel III bokstav e) i eit visst år, skal medlemmen gje utvalet rapport om tilhøva så snart som råd og i alle tilfelle ikkje seinare enn den første sesjonen som vert halden etter utløpet av vedkomande år. Med mindre utvalet fastset noko anna, skal den resterande delen leggjast til forpliktinga til medlemmen for det følgjande året.
- c) Dersom bidraget frå ein medlem overstig forpliktinga til medlemmen for eit år, kan det som er minst av inntil 5 % av medlemmen si samla forplikting og storleiken på det overskytande bidraget, reknast som ein del av forpliktinga til medlemmen for det følgjande året.

### Artikkel VII

#### Mottakarar som har rett til støtte

- a) Matvarehjelp etter denne konvensjonen kan ytast til utviklingslanda og territoria som er oppførte i vedlegg B, dvs.:
  - i. minst utvikla land,
  - ii. låginntektsland,
  - iii. land med inntekter i det lægre midtområdet, og andre land som står på WTO-lista over utviklingsland med netto matvareimport på det tidspunktet denne konvensjonen vert framforhandla, når dei har naudssituasjonar med omsyn til mat eller internasjonalt erkjente finanskriser som fører til naudssituasjonar med matmangel, eller når matvarehjelpoperasjonar er målretta mot utsette grupper.
- b) Ved bruk av bokstav a) ovanfor skal alle endringar på DAC-lista over utviklingsland og territorium i vedlegg B bokstav a) til c) òg gjelde lista over mottakarar som har rett til støtte etter denne konvensjonen.
- c) Når medlemmene gjev matvarehjelp, skal dei prioritere dei minst utvikla landa og låginntektslanda.

### Artikkel VIII

#### Behov

- a) Matvarehjelp bør ytast berre når dette er den mest verknadsfulle og høvelege forma for bistand.
- b) Matvarehjelp bør vere basert på mottakarane og medlemmene si vurdering av behova, innanfor sin respektive politikk, og bør ta sikte på å styrkje matvaretryggleiken i mottakarlanda. Ved oppfylling av desse behova skal medlemmene ta omsyn til å dekkje dei særlege ernæringsbehova som kvinner og barn har.
- c) Matvarehjelp til fri distribusjon bør vere målretta mot utsette grupper.
- d) Matvarehjelp som vert ytt i naudssituasjonar, bør ta særleg omsyn til lang-siktige rehabiliterings- og utviklingsmål i mottakarlanda og bør respektere grunnleggjande humanitære prinsipp. Medlemmene skal ta sikte på å sikre at den matvarehjelpa som vert ytt, når fram til dei påtenkte mottakarane i rett tid.
- e) Medlemmene skal så langt det er råd planleggje den framtidige matvarehjelpa si utanom naudssituasjonar, slik at mottakarlanda i utviklingsprogramma sine kan ta omsyn til den matvarehjelpa dei truleg vil motta kvart år denne konvensjonen gjeld.
- f) Dersom det ser ut til at eit visst land eller ein eller fleire regionar på grunn av eit monaleg produksjonsunderskot eller andre tilhøve står overfor uvanleg store matvarebehov, skal saka drøftast av utvalet. Utvalet kan tilrå at medlemmene reagerer på situasjonen ved å auke mengda av matvarehjelp som vert gjeve.
- g) Når behova for matvarehjelp vert kartlagt, skal medlemmene eller partnarane deira freiste å rådspørje kvarandre på regionalt plan og mottakarlandplan, med tanke på å utvikle ein sams tilnæringsmåte til behovsanalysen.
- h) Der det høver, er medlemmene samde om å utpeike prioriterte land og regionar i matvarehjelpprogramma sine. Medlemmene vil sikre openness i prioriteringane sine politikken sin, og programma sine ved å gje informasjon til andre gjevarar.
- i) Medlemmene vil rådspørje kvarandre, direkte eller gjennom dei aktuelle partnarane sine, om det kan lagast sams handlingsplanar for prioriterte land, om mogleg for fleire år om gongen.

### Artikkel IX

#### Former og vilkår for hjelp

- a) Matvarehjelp etter denne konvensjonen kan gjevast som:
  - i. matvaretilskot eller pengar som skal brukast til kjøp av mat til eller av mottakarlandet,
  - ii. sal av matvarer mot mottakarlandet sin valuta, som ikkje kan omsetjast og ikkje kan konverterast til valuta eller varer og tenester som gjevarmedlemmene kan gjere bruk av,
  - iii. matvaresal på kreditt, med betaling i rimelege årlege summar over tidsrom på 20 år eller meir og til ein rentesats som ligg under dei kommersielle satsane på verdsmarknadene.
- b) Med omsyn berre til matvarehjelp som vert rekna som ein del av forpliktinga til ein medlem, skal all matvarehjelp som vert ytt til minst utvikla land, gjevast i form av tilskot.

- c) Matvarehjelp etter denne konvensjonen som vert gjeve i form av tilskot, skal utgjere ikkje mindre enn 80 prosent av bidraget frå ein medlem, og så langt det er råd vil medlemmene freiste progressivt å overstige denne pro-sentsatsen.
- d) Medlemmene skal binde seg til å gjennomføre alle matvarehjelptransak-sjonar etter denne konvensjonen på ein slik måte at ein unngår skadelege forstyrringar i dei normale mønstra for produksjon og internasjonal kom-mersiell handel.
- e) Medlemmene skal sjå til at:
  - i. yting av matvarehjelp korkje direkte eller indirekte, formelt eller ufor-melt, eksplisitt eller implisitt vert knytt til kommersiell eksport av land-bruksvarer eller andre varer og tenester til mottakarlanda,
  - ii. matvarehjelptransaksjonar, mellom anna bilateral matvarehjelp i form av pengar, vert gjorde på ein måte som høver med FAO sine «Prinsipp og retningsliner for overskotsdisponering».

### Artikkel X

#### Transport og levering

- a) Kostnadene med å transportere og levere matvarehjelp ut over fob-stadiet skal så langt det er råd dekkjast av gjevarane, særleg når det gjeld matva-rehjelp i naudssituasjonar eller matvarehjelp som vert ytt til prioriterte mottakarland.
- b) Ved planlegging av matvarehjelpoperasjonar skal det takast tilbørleg omsyn til moglege vanskar som kan påverke transport, foredling eller lag-ring av matvarehjelpa, og dei verknadene leveringa av hjelpa kan ha på marknadsføring av lokale avlingar i mottakarlandet.
- c) For å gjere optimal bruk av tilgjengeleg logistikkapasitet skal medlem-mene så langt det er råd, saman med andre gjevarar av matvarehjelp, mot-takarland og eventuelle andre partar som er involverte i levering av matva-rehjelpa, sette opp ein samordna tidsplan for levering av hjelpa.
- d) Ved kvar gjennomgang av medlemmene si yting etter denne konvensjo-nen skal betaling for transportkostnader og andre driftskostnader gjevast tilbørleg omtale.
- e) Transportkostnader og andre driftskostnader må vere påkomne som ein del av ein matvarehjelpoperasjon som òg kan rapporterast som ein del av bidraget frå ein medlem.

### Artikkel XI

#### Kanalisering

- a) Medlemmene kan gje matvarehjelpa bilateralt, gjennom mellomstatlege eller andre internasjonale organisasjonar eller ikkje-statlege organisasjo-nar.
- b) Medlemmene skal fullt ut ta omsyn til fordelane ved å la matvarehjelp gå gjennom multilaterale kanalar, særleg Verdas matvareprogram.
- c) Ved utvikling og gjennomføring av matvarehjelpoperasjonane skal med-lemmene om mogleg bruke informasjon og kompetanse som finst i dei aktuelle internasjonale organisasjonane, anten dei er mellomstatlege eller



- ikkje-statlege, som er aktive på området matvarehjelp.
- d) Medlemmene vert oppmoda til å samordne matvarehjelpspolitikken og matvarehjelparbeidet med internasjonale organisasjonar som er aktive på området matvarehjelp, med tanke på å styrkje samanhengen i matvarehjelpoperasjonar.

### Artikkel XII

#### Lokale kjøp og tresidige transaksjonar

- a) For å fremje lokal jordbruksutvikling, styrkje regionale og lokale marknader og auke mottakarlanda sin langsiktige matvaretryggleik, skal medlemmene vurdere å bruke eller innrette pengebidraga sine til kjøp av matvarer:
- i. for levering til mottakarlandet frå andre utviklingsland («tresidige transaksjonar»), eller
  - ii. i ein del av eit utviklingsland for levering til eit underskotsområde i same land («lokale kjøp»).
- b) Pengebidrag skal vanlegvis ikkje ytast for å kjøpe matvarer som er av same type som forsyningslandet har motteke som bilateral eller multilateral matvarehjelp i same år som kjøpet, eller i eit tidlegare år dersom matvarehjelpa som då vart motteke, framleis vert bruka.
- c) For å lette kjøp av matvarer frå utviklingsland skal medlemmene så langt det er råd gje sekretariatet den informasjonen dei måtte ha om matvareoverskot som eventuelt finst eller som er venta i utviklingsland.
- d) Medlemmene skal særleg freiste å unngå skadeverknader for låginntektsforbrukarar som følgje av prisendringar som skuldast lokale kjøp.

### Artikkel XIII

#### Effektivitet og verknad

- a) I alle matvarehjelptransaksjonar skal medlemmene særleg freiste:
- i. å unngå skadeverknader på lokale avlingar og produksjons- og marknadsføringsstrukturar, ved å sjå til at distribusjon av matvarehjelp skjer på eit høveleg tidspunkt,
  - ii. å respektere lokale matvanar og ernæringsbehov hjå mottakarane og minimere eventuelle negative verknader på etevanane deira, og
  - iii. lette kvinnene si deltaking i avgjerdsprosessen og i gjennomføringa av matvarehjelpoperasjonar, og dermed styrkje matvaretryggleiken på hushaldsplan.
- b) Medlemmene skal freiste å støtte den innsatsen regjeringane i mottakarlanda gjer for å utvikle og gjennomføre matvarehjelpprogram på ein måte som er i samsvar med denne konvensjonen.
- c) Medlemmene bør støtte og eventuelt medverke til å styrkje mottakarregjeringane og dei respektive sivile samfunna si evne og sin kompetanse til å utvikle og gjennomføre strategiar for matvaretryggleik for å forsterke verknaden av matvarehjelpprogramma.
- d) Når matvarehjelp vert seld i eit mottakarland, skal salet så langt det er råd

- gå gjennom privat sektor og vere basert på marknadsanalyse. Når utbyttet frå slike sal vert målretta, skal ein prioritere prosjekt som tek sikte på å betre mottakarane sin matvaretryggleik.
- e) Det bør vurderast om matvarehjelp bør forsterkast på andre måtar (finansiell hjelp, fagleg bistand osv.) for å auke matvaretryggleiken og for å auke regjeringane og det sivile samfunnet si evne til å utvikle strategiar for matvaretryggleik på alle plan.
  - f) Medlemmene skal freiste å sikre samanheng mellom matvarehjelppolitikk og politikken på andre område, t.d. utvikling, jordbruk og handel.
  - g) Medlemmene er samde om, så langt det er råd, å rådspørje alle partnarar det gjeld i kvart mottakarland for å sikre tilsyn med samordninga av matvarehjelpprogram og matvarehjelpoperasjonar.
  - h) Medlemmene skal freiste å utføre sams evalueringar av matvarehjelpprogramma og matvarehjelpoperasjonane sine. Slik evaluering bør vere basert på avtala internasjonale prinsipp.
  - i) Når medlemmene gjennomfører vurderingar av matvarehjelpprogramma og matvarehjelpoperasjonane sine, skal dei ta omsyn til føresegnene i denne konvensjonen om effektiviteten og verknaden til desse matvarehjelpprogramma og matvarehjelpoperasjonane.
  - j) Medlemmene vert oppmoda til å vurdere verknaden av matvarehjelpprogramma sine, kanalisert bilateralt eller multilateralt eller gjennom ikkje-statlege organisasjonar, ved å bruke slike eigna indikatorar som mottakarane sin ernæringsstatus og andre indikatorar på verdas matvaretryggleik.

#### Artikkel XIV

##### Informasjon og samordning

- a) Medlemmene skal gje utvalet jamlege og punktlege rapportar om mengda, innhaldet, kanaliseringa, kostnadene medrekna transport og andre driftskostnader, formene og vilkåra for bidraga sine i samsvar med prosedyrereglane.
- b) Medlemmene bind seg til å levere dei statistiske opplysningane og andre opplysningar som måtte krevjast for bruk av denne konvensjonen, særleg med omsyn til deira:
  - i. leveringar av hjelp, medrekna kjøp av varer som skjer som følge av pengebidrag, lokale kjøp eller tresidige operasjonar, og leveringar som vert kanaliserte gjennom internasjonale organisasjonar,
  - ii. ordningar som er oppretta for framtidig levering av matvarehjelp,
  - iii. politikk som gjeld yting og distribusjon av matvarehjelp. Så langt det er råd skal desse rapportane leggjast fram skriftleg for eksekutivdirektøren før kvar ordinære sesjon i utvalet.
- c) Medlemmer som gjev bidrag i form av multilaterale pengebidrag til internasjonale organisasjonar, skal innrapportere oppfyllinga av forpliktingane sine i samsvar med prosedyrereglane.
- d) Medlemmene skal utveksle informasjon om matvarehjelppolitikken sin og matvarehjelpprogramma sine og resultata av evalueringa av denne politikken og desse programma, og skal freiste å sikre at matvarehjelpprogramma deira er i samsvar med strategiar for matvaretryggleik på nasjonalt, regionalt og lokalt plan og på hushaldsplan.

- e) Medlemmene skal på førehand opplyse utvalet om kor mykje av forpliktinga deira som ikkje vert gjeve i form av tilskot, og vilkåra for eventuell slik hjelp.

### Del III - Administrasjon

#### Artikkel XV

##### Utvalet for matvarehjelp

- a) Utvalet for matvarehjelp, oppretta ved Matvarehjelpkonvensjonen i den internasjonale kornavtalen av 1967, skal bestå for å forvalte denne konvensjonen, med den mynda og dei funksjonane som er fastsette i denne konvensjonen.
- b) Utvalet skal bestå av alle partar i denne konvensjonen.
- c) Kvar medlem skal utpeike ein stadleg representant ved utvalet sitt sete som sekretariatet sine kunngjeringar og andre meldingar om utvalet sitt arbeid normalt skal rettast til. Andre ordningar kan vedtakast av kvar medlem etter avtale med eksekutivdirektøren.

#### Artikkel XVI

##### Mynd og oppgåver

- a) Utvalet skal gjere dei vedtaka og utføre dei oppgåvene som er naudsynte for å gjennomføre føresegnene i denne konvensjonen. Det skal fastsetje dei prosedyrereglane som er naudsynte for dette føremålet.
- b) Utvalet sine vedtak skal gjerast samrøystes.
- c) Utvalet skal løpande vurdere behova for matvarehjelp i utviklingsland og medlemmene si evne til å reagere på desse behova.
- d) Utvalet skal løpande vurdere dei framstega som vert gjorde i retning av å oppnå måla som er fastsette i artikkel I i denne konvensjonen, og gjennomføringa av føresegnene i denne konvensjonen.
- e) Utvalet kan motta informasjon frå mottakarland og rådføre seg med dei.

#### Artikkel XVII

##### Leiar og nestleiar

- a) Ved den siste obligatoriske sesjonen som vert halde kvart år, skal utvalet velje ein leiar og ein nestleiar for neste år.
- b) Leiaren skal ha desse oppgåvene:
- i. Dersom leiaren er fråverande frå ein sesjon eller delar av ein sesjon eller er mellombels ute av stand til å utøve leiarvervet, skal nestleieren fungere som leiar. Dersom leiaren og nestleieren er fråverande, skal utvalet velje ein mellombels leiar.
- c) Dersom leiaren av ein eller annan grunn er ute av stand til å halde fram å utøve leiarvervet, skal nestleieren fungere som leiar inntil ein ny leiar er vald av utvalet.
- d) Nestleieren, når vedkomande fungerer som leiar, eller den mellombelse

leiaren skal ha same mynd og dei same oppgåvene som leiaren.

#### *Artikkel XVIII*

##### Sesjonar

- a) Utvalet skal kome saman minst to gonger i året i tilknytning til dei obligatoriske sesjonane i Det internasjonale kornrådet. Utvalet skal òg kome saman på andre tidspunkt anten slik leiaren fastset, på oppmoding frå tre medlemmer eller når det elles vert kravd etter denne konvensjonen.
- b) For at ein sesjon i utvalet skal vere vedtaksfør, må delegatar som representerer to tredelar av medlemmene i utvalet, vere til stades.
- c) Når det høver, kan utvalet invitere regjeringar som ikkje er medlemmer, og representantar frå andre internasjonale mellomstatlege organisasjonar til å delta som observatørar på dei opne møta i utvalet.
- d) Utvalet skal ha sete i London.

#### *Artikkel XIX*

##### Sekretariat

- a) Utvalet skal nytte tenestene til Det internasjonale kornrådet sitt sekretariat til dei administrative oppgåvene som utvalet ber om, mellom anna handsaming og distribusjon av dokument og rapportar.
- b) Eksekutivdirektøren skal iverksetje utvalet sine direktiv og skal utøve dei funksjonane som er fastsette i konvensjonen og prosedyrereglane.

#### *Artikkel XX*

##### Manglande oppfylling og tvistar

- a) Ved tvist om fortolking eller bruk av denne konvensjonen eller manglande oppfylling av forpliktingar etter denne konvensjonen skal utvalet kome saman for å treffe høvelege tiltak.
- b) Medlemmene skal ta omsyn til dei tilrådingane og konklusjonane som utvalet samrøystes kjem fram til, i tilfelle av usemje om bruken av føresegnene i denne konvensjonen.

#### Del IV - Slutføresegner

#### *Artikkel XXI*

##### Depositatar

Dei sameinte nasjonane sin generalsekretær er med dette utpeikt til depositatar for denne konvensjonen.

## Artikkel XXII

### Underskriving og ratifikasjon

- a) Denne konvensjonen skal vere open for underskriving frå 1. mai 1999 til og med 30. juni 1999 for regjeringane nemnde i artikkel III bokstav e).
- b) Denne konvensjonen skal ratifiserast, godtakast eller godkjennast av kvar signatarregjering i samsvar med den enkelte regjeringa sine forfatningsreglar. Ratifikasjons-, godtakings- eller godkjenningssdokument skal deponerast hjå depositaren seinast 30. juni 1999, men utvalet kan gje ei signatarregjering som ikkje har deponert ratifikasjons-, godtakings- eller godkjenningssdokumentet sitt innan denne dato, ein eller fleire forlengingar av fristen.
- c) Kvar signatarregjering kan deponere ei fråsegn om mellombels bruk av denne konvensjonen hjå depositaren. Ei slik regjering skal bruke denne konvensjon mellombels i samsvar med lovene og forskriftene sine, og skal mellombels reknast som part i konvensjonen.
- d) Depositaren skal underrette alle signatarregjeringar og tiltredande regjeringar om kvar underskriving, godtaking, godkjenning og mellombels bruk av og tiltreding til denne konvensjonen.

## Artikkel XXIII

### Tiltreding

- a) Denne konvensjonen skal vere open for tiltreding for kvar regjering nemnd i artikkel III bokstav e) som ikkje har underskrive denne konvensjonen. Tiltredingsdokumenta skal deponerast hjå depositaren seinast 30. juni 1999, men utvalet kan gje ei regjering som ikkje har deponert sitt tiltredingsdokument innan denne dato, ein eller fleire forlengingar av fristen.
- b) Etter at denne konvensjonen har teke til å gjelde i samsvar med artikkel XXIV, skal han vere open for tiltreding for kvar anna regjering enn dei som er nemnde i artikkel III bokstav e), på dei vilkåra som utvalet meiner er høvelege. Tiltredingsdokumenta skal deponerast hjå depositaren.
- c) Kvar regjering som tiltrer denne konvensjonen etter bokstav a) i denne artikkelen, eller dersom tiltreding er godkjend av utvalet i medhald av bokstav b) i denne artikkelen, kan deponere ei fråsegn om mellombels bruk av denne konvensjonen hjå depositaren i påvente av at tiltredingsdokumentet vert deponert. Ei slik regjering skal bruke denne konvensjon mellombels i samsvar med lovene og forskriftene sine og skal mellombels reknast som part i konvensjonen.

## Artikkel XXIV

### Ikrafttreding

- a) Denne konvensjonen trer i kraft 1. juli 1999 dersom regjeringar med forpliktingar etter artikkel III bokstav e) som til saman utgjer minst 75 prosent av dei samla forpliktingane til alle regjeringane oppførte i same bokstav, har deponert ratifikasjons-, godtakings-, godkjenningss- eller tiltre-

- dingsdokumenta sine eller fråsegner om mellombels bruk, og dersom Kornhandelkonvensjonen av 1995 er i kraft.
- b) Dersom denne konvensjonen ikkje trer i kraft i samsvar med denne artikkelen bokstav a), kan dei regjeringane som har deponert ratifikasjons-, godtakings-, godkjenning- eller tiltredingsdokument eller fråsegner om mellombels bruk ved semje, avgjere at han skal tre i kraft dei imellom dersom Kornhandelkonvensjonen av 1995 er i kraft.

#### *Artikkel XXV*

##### Tidslengd og oppseiing

- a) Denne konvensjonen skal gjelde til og med 30. juni 2002 med mindre han vert forlengd etter denne artikkelen bokstav b) eller vert bringa til opphøyr tidlegare etter denne artikkelen bokstav f), dersom Kornhandelkonvensjonen av 1995 eller ein ny kornhandelkonvensjon som erstattar han, gjeld til og med nemnde dato.
- b) Utvalet kan forlengje denne konvensjonen ut over 30. juni 2002 for to år om gongen, dersom Kornhandelkonvensjonen av 1995 eller ein ny kornhandelkonvensjon som erstattar han, er i kraft i forlengingsperioden.
- c) Dersom denne konvensjonen vert forlengd etter denne artikkelen bokstav b), kan medlemmene sine forpliktingar etter artikkel III bokstav e) verte reviderte av medlemmene før kvar forlenging trer i kraft. Deira respektive forpliktingar som vert fastsette ved denne revisjonen, skal ikkje endrast i løpet av den einskilde forlengingsperioden.
- d) Verknaden av denne konvensjonen skal vurderast løpande, særleg med tanke på resultatata av eventuelle multilaterale tingingar som dreier seg om matvarehjelp, medrekna særleg lån gjeve på gunstige vilkår, og behovet for å bruke resultatata av slike tingingar.
- e) Situasjonen med omsyn til alle matvarehjelpoperasjonar, og særleg slike som omfattar lån på gunstige vilkår, skal vurderast før det vert gjort vedtak om forlenging av denne konvensjonen eller ein ny konvensjon.
- f) Dersom denne konvensjonen vert bringa til opphøyr, skal utvalet bestå så lenge som det er naudsynt for å gjennomføre avviklinga, og det skal ha den mynda og utføre dei oppgåvene som er naudsynte for dette føremålet.
- g) Kvar medlem kan seie opp denne konvensjonen ved eit årsskifte ved å gje depositaren skriftleg varsel om oppseiing minst nitti dagar før vedkomande årsskifte. Medlemmen skal ikkje dermed løysast frå forpliktingar etter denne konvensjonen som ikkje er oppfylte ved årsskiftet. Medlemmen skal samtidig melde frå til utvalet om kva tiltak det har gjort.
- h) Kvar medlem som seier opp denne konvensjonen, kan deretter tiltre på nytt ved å gje utvalet og depositaren skriftleg melding om dette. Det skal vere eit vilkår for ny tiltreding til konvensjonen at medlemmen oppfyller forpliktinga si med verknad frå det året medlemmen tiltre på nytt.

#### *Artikkel XXVI*

##### Den internasjonale kornavtalen

Denne konvensjonen skal avløse den forlengde Matvarehjelpkonvensjonen av 1995 og skal vere eitt av dei dokumenta som inngår i den internasjonale kor-  
navtalen av 1995.

### *Artikkel XXVII*

#### Gyldige tekster

Den engelske, franske, russiske og spanske teksta til denne konvensjonen er alle like gyldige.

UTFERDA i London, 13. april nittenhundreogtittini.

### *Vedlegg A*

#### Transportkostnader og andre driftskostnader

Desse transportkostnadene og andre driftskostnader i samband med matvare-  
hjelpbidrag kjem inn under artikkel II bokstav a) punkt xx), artikkel III, X og  
XIV i denne konvensjonen:

##### *a) Transportkostnader*

- frakt, medrekna lasting og lossing
- liggjedagspengar og ekspedisjon
- omlasting
- sekkemateriale
- trygding og tilsyn
- hamneavgifter og lagringsavgifter i hamn
- mellombels lagring og avgifter i hamn og undervegs
- innanlands transport, leige av køyrety, vegavgifter og eskorte, konvoi- og  
grensepasseringsavgifter
- leige av utstyr
- fly, luftbruer

##### *b) Andre driftskostnader*

- varer som ikkje er næringsmiddel, og som vert bruka av mottakarane  
(verkty, reiskapar, innsatsfaktorar i jordbruket)
- varer som ikkje er næringsmiddel, og som vert stilt til rådvelde for gjen-  
nomføringspartnarar (køyrety, lageranlegg)
- kostnader ved opplæring av partar i tilsvarande stilling
- gjennomføringspartnarane sine driftskostnader som ikkje elles vert dekte  
som transportkostnader
- kostnader til måling og andre spesialkostnader
- innanlands kostnader som ikkje-statlege organisasjonar har
- faglege støttenester og logistikkstyring
- prosjektutarbeiding, -vurdering, -tilsyn og -evaluering
- registrering av mottakarar
- innanlands faglege tenester

*Vedlegg B***Mottakarar som har rett til støtte**

Mottakarar som har rett til å motta matvarehjelp etter artikkel VII i denne konvensjonen, tyder utviklingsland og territorium oppførte som bistandsmottakarar av OECD-utvalet for utviklingshjelp (DAC), med verknad frå 1. januar 1997, og land som er oppførte på WTO-lista over utviklingsland med netto matvareimport, med verknad frå 1. mars 1999.

*a) Minst utvikla land*

Afghanistan, Angola, Bangladesh, Benin, Bhutan, Burkina Faso, Burundi, Kambodsja, Kapp Verde, Den sentralafrikanske republikken, Tsjad, Komorane, Den demokratiske republikken Kongo, Djibouti, Ekvatorial-Guinea, Eritrea, Etiopia, Gambia, Guinea, Guinea-Bissau, Haiti, Kiribati, Laos, Lesotho, Liberia, Madagaskar, Malawi, Maldivane, Mali, Mauritania, Mosambik, Myanmar, Nepal, Niger, Rwanda, São Tomé og Príncipe, Sierra Leone, Salomonøyane, Somalia, Sudan, Tanzania, Togo, Tuvalu, Uganda, Vanuatu, Vest-Samoa, Jemen og Zambia.

*b) Låginntektsland*

Albania, Armenia, Aserbajdsjan, Bosnia-Hercegovina, Kamerun, Kina, Republikken Kongo, Elfenbeinskysten, Georgia, Ghana, Guyana, Honduras, India, Kenya, Kirgisistan, Mongolia, Nicaragua, Nigeria, Pakistan, Senegal, Sri Lanka, Tadsjikistan, Vietnam og Zimbabwe.

*c) Land med inntekter i det lægre midtområdet*

Algerie, Belize, Bolivia, Botswana, Colombia, Costa Rica, Cuba, Dominica, Den dominikanske republikken, Ecuador, Egypt, El Salvador, Fiji, Grenada, Guatemala, Indonesia, Iran, Irak, Jamaica, Jordan, Kasakhstan, Korea (Den demokratiske republikken), Libanon, Makedonia (Den tidlegare jugoslaviske republikken), Marshalløyane, Mikronesiaføderasjonen, Moldova, Marokko, Namibia, Niue, Palau, dei palestinsk-administrerte områda, Panama, Papua Ny-Guinea, Paraguay, Peru, Filippinane, St. Vincent og Grenadinane, Surinam, Swaziland, Syria, Thailand, Timor, Tokelau, Tonga, Tunisia, Tyrkia, Turkmenistan, Usbekistan, Venezuela, Wallis og Futuna og Den føderale republikken Jugoslavia.

*d) WTO-lista over utviklingsland med netto matvareimport (ikkje teke med ovanfor)*

Barbados, Mauritius, St. Lucia, Trinidad og Tobago.